

Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5198 - 22/97405

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no


Dato:
22.12.2022

Melding til tinglysing - gbnr 446/8 Manger øvre

Vedlagt sender me på nytt melding til tinglysing for arealoverføring frå gbnr 446/10 til gbnr 446/8 i Alver kommune. Påpeikte manglar ved førre innsending er kommentert nedanfor.

Legg ved vedtak om konsesjon for overtaking av arealet og erklæring om arealoverføring.

Det er i erklæring om arealoverføring kryssa av for at arealet er bygd. Dette grunna det står eit gammalt uthus/ skur på arealet. Bygget som har ei takflate på 28m² er ikkje registrert i matrikkelen.



Skur på arealet

Tinglyst hefte 2001/1069-2/51 gjeldande burett for Håkon Georg Johnsen og Helene Johnsen gjeld våningshuset på garden. Våningshuset står ikkje på teigen som no vert arealoverført til gbnr 446/8. I tillegg er begge rettshavarane døde. Det tinglyste heftet gjeld derfor ikkje aktuelt areal.

Tinglyst hefte 1982/7850-1/51 gjeldande kjøpekontrakt for tilleggsareal til Erstad Trevarefabrikk AS gjeld ikkje areal innanfor teigen som no vert arealoverført til gbnr 446/8. Det går klart fram av kjøpekontrakten kvar dette arealet ligg: «Erstad Trevarefabrikk AS har behov for tilleggsareal til lagerbygg...» «Utgangspunkt der grenselina mellom gnr. 46, bnr. 10 og gnr. 46, bnr. 20, 27 og 39 har ein rett vinkel...» (Gbnr 46/39 er slått saman med gbnr 46/27). Gardsnummera i tidlegare Radøy kommune fekk eit tillegg på 400 i samband med kommunesamanslåing i 2020. Gnr. 46 vart til gnr. 446. Legg ved kjøpekontrakta.



Pil viser tilleggsareal. Ring viser våningshuset på gbnr 446/10

Ovanstående viser at påpeikte manglar gjeldande tinglyste hefte på gbnr 446/10 ikkje gjeld aktuelt areal som er arealoverført til gbnr 446/8. Ber derfor om at meldinga vert tinglyst.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding til tinglysing, Erklæring om arealoverføring, Innvilga konsesjon
Dokumentene har mangler og kan ikke tinglyses
Kjøpekontrakt -1982/7850-1/51

Mottakarar:

Kartverket Tinglysing

Postboks 600 Sentrum

3507

HØNEFOSS